Utdanningsforbundet
Øygarden

Vedlegg 3

Sak 2.0 Årsmelding - Øygarden lokallag 2024

Melding om lokallagsverksemda

Medlemsstatistikk	
Lokallaget	1305
Medlemsgruppe, barnehage	240
Medlemsgruppe, grunnskule	623
Medlemsgruppe, vidaregåande opplæring	68
Av desse medlemmer i private barnehagar/skular	118
Medlemsgruppe, UH.	0
Medlemsgruppe, FAS	50
Av desse leiarmedlemmar	90
Medlemmar utan medlemsgruppe	53
Pensjonistar	271

Styret vårhalvåret 2024

Namn	Verv	Evt. frikjøp betalt av:
		Utdanningsforbundet
Aud Karin Oen	Leiar	100 %
Cathrine Olsen	Nestleiar	20 %
Vibecke Hodnekvam	Styremedlem/kasserar	10 %
Hege Beate Hagen	Styremedlem VGO	
Lars Kvalem	Styremedlem GRS	
Merete Nygård Ingebrigtsen	Styremedlem FAS	
Christel L. Brown	Styremedlem GRS	
Hallgeir Dale	Styremedlem GRS	

Renate Fagerbakke	Leiarrepresentant GR	
Jannicke Økland	Styremedlem GRS	
Veronica Iversen	Styremedlem BHG (privat)	
Vararepresentantar til styret:		
Jane Føllesdal	GRS	20 %
Franziska Grütte	BHG	
Christina Andreassen	VGO	

Hovudtillitsvalte vår 2024

Namn	Verv	Frikjøp betalt av:
		Arbeidsgjevar
Vibecke Hodnekvam	HTV	80%
Jane Føllesdal	HTV	60%
Cathrine Olsen	HTV	60%
Jannicke Økland	Vara HTV	
Kari Lønningen	Vara HTV	

Styret hausthalvåret 2024

Namn	Verv	Evt. frigjering betalt av:
		Utdanningsforbundet
Aud Karin Oen	Leiar	100%
Cathrine Olsen	Nestleiar	20%
Vibecke Hodnekvam	Styremedlem/kasserar	10%
Hege Beate Hagen	Styremedlem VGO	
Lars Kvalem	Styremedlem GRS	
Merete Nygård Ingebrigtsen	Styremedlem FAS	

Franziska Grütte	Styremedlem BHG	
Hallgeir Dale	Styremedlem GRS	
Renate Fagerbakke	Leiarrepresentant GR	
Jannicke Økland	Styremedlem	
Veronica Iversen	Styremedlem BHG (privat)	
Vararepresentantar til styret:		
Jane Føllesdal	GRS	10 %
Kari Lønningen	BHG	
Christina Andreassen	VGO	

Hovudtillitsvalte haust 2024

Vi fekk auka frikjøp for Hovudtillitsvalte hausten 2025, med 15% ekstra. Dette ble fordelt likt ut på dei 3 hovudtillitsvalte. Utdanningsforbundet har kontor på Rådhuset i 4. etasje.

Namn	Verv	Frikjøp betalt av:
		Arbeidsgjevar
Vibecke Hodnekvam	HTV	85 %
Jane Føllesdal	HTV	65%
Cathrine Olsen	HTV	65%
Jannicke Økland	Vara HTV Skule	Fram til 01.09.24
Kari Lønningen	Vara HTV BHG	

Andre tillitsverv

Namn:	Verv:
Vibecke Hodnekvam	Medlemsråd grunnskule
Bjørn Lie	Medlemsråd pensjonist

Hege Beate Haatuft Hagen	Medlemsråd vidaregåande skule

Tillitsvalde på arbeidsplassane

Namn på arbeidsplass	Namn på tillitsvald
Stranda Skule	Elisabeth Flatøy Hummelsund
Skålevik Skule	Birthe Foldnes
Bjorøy Skule	Karianne H. Bergerud
Landro Skule	Lisbeth Kvalheim
Knappskog Skule	Hege Mongstad /Marianne Turøy Pettersen
Øygarden Ungdomsskule	Torkil Brigtsen
Sund Ungdomsskule	Helena Hamre Håkonsund
Vaksenopplæringa	Rigmor Bråten
Ågotnes Skule	Kristine Angeltveit
Rong Skule	June Beth Wenberg
Ulveset Skule	Nina Gregersen/Skjalg Brun
Tjeldstø Skule	Gunn Kleppestø
Hjelteryggen Skule	Kathinka Carlson
Toftøy Skule	Hege Misje
Skogsvåg Skule	Maria Forland/Cathrine Aase Førde
Brattholmen Skule	Helene Aarreberg
Spildepollen Skule	Elisabeth H. K. Lie
Kolltveit Skule	Linda Fjell Thomassen
Fjell Ungdomsskule	Even E. Mulelid
Tranevågen Ungdomsskule	Siw Nancy Fjæreide
Foldnes Skule	Ida Austgulen/Asbjørn Perry Sve
Øygarden PPR	Kari Berge Stadsnes
Sotra Vidaregåande Skule	Hege Beate Haatuft Hagen
Bjorøy barnehage	Stine-Beate Eriksen

Klokkarvik barnehage	Silje Therese Eikeseth
Knappskog barnehage	Endre Aleksander Fløło
Leirstaden barnehage	Siw Therese Olsen
Liljevatnet barnehage	Lise-Marie Løvberg Sæbjørnsen
Marihøna barnehage	Kari Lønningen
Skogsvåg barnehage	Linn Camilla Hetland/Ellinor Midtveit
Spildepollen kystbarnehage	Cathrine Bøyum Fjæreide
Stranda barnehage	Franziska Grütte
Straume barnehage	Mona Christiansen
Terna barnehage	Anita Hellebø
Ulveseth barnehage	Ann Christin Rambjør
Ågotnes barnehage	Maren Årvik
Spesialpedagogane	Nicole Schmidt
Havhesten Fus barnehage	Silje Kristin Graave
Norlandia Kårtveitpollen barnehage	Silje Kristine Thomassen Moe
Norlandia Naustvika barnehage	Malene Solsvik Halland
Norlandia Svanevågen Gårds- og friluftsbarnehage	Julie Eide Kroken
Norlandia Ulven Naturbarnehage	Janniche Rebnord
Læringsverkstedet barnehage Aronien	Linn Langeland Nakken
Læringsverkstedet barnehage Gardstunet	Linda Kvam
Læringsverkstedet barnehage Straume	Christina Ditlefsen Opheim
Læringsverkstedet barnehage Valen	Nina Hjort
Eventus Sartorlunden barnehage	Madeleine Kjempenes
Preg barnehager Toftøy	Elise Emma Kvam
Preg barnehager Straume	Veronica Isabelle S. Ebbesvik
Preg barnehager Blomvåg	Hanne-Sofie Thorsen
Sauafjellet FUS barnehage	Lisa Henriette Valland

Øygarden kyrkjelege fellesråd	Maria Wergeland
Øygarden KFUK-KFUKM	Ingelin Djupevåg Våge

Arbeid etter retningslinene

1. Utdanningsforbundet Øygarden skal vere ei sterk og solidarisk fagforeining.

1.1 Organisasjonsbygging

Vi har tillitsvalte på dei fleste einingar og jobbar aktivt for å få på plass tillitsvald på alle einingar. Vi er aktiv ute om hausten og oppfordrar dei tillitsvalte (AT `ane) om å driva verving av nye medlemmar. Vi er synlege på sosiale media, som Facebook og Instagram.

Utdanningsforbundet Øygarden er i nettverk med Askøy og Bjørnafjorden og har hatt eit godt samarbeid i årsmøteperioden,

1.2 Oppfølging av medlemsgrupper

Lokallagsleiar og HTV har hatt jamlege samlingar med dei tillitsvalde i barnehage og skule. HTV/Lokallagsleiar har delteke i klubbmøte ute på einingane, der vi har blitt invitert inn. HTV har delteke i ulike medlemssaker, der medlem har bedt om bistand i møte med arbeidsgjevar. Det er og eit godt samarbeid mellom tillitsvalte og dei hovudtillitsvalde.

Leiarane

Leiar for leiarrådet skule har vore Renate Fagerbakke og dei har hatt jamlege møte gjennom året som har gått med aktuelle tema som rører seg. Rektorar, avdelingsleiarar, HTV og lokallagsleiar har delteke. I januar arrangerte Leiarforum medlemsmøte for leiarane i skule. Bjørn Olav Tveit, er leiarrepresentant i fylkesstyret, var foredragshaldar. I oktober hadde vi eit møte med leiarane, der lokale forhandlingar var hovudtema. I desember var avdelingsleiarar og rektorar samla til sosialt samvær og julemiddag i kantina på rådhuset.

Leiar for leiarrådet barnehage er Vibecke Gunby. Vibecke har vore leiar sidan august. Barnehageleiarar har hatt jamlege møte i leiarforum for barnehage, HTV og lokallagsleiar deltek òg der. Vibecke Gunby og Katrine Torkelsen deltok på møte med politikarane og snakka om stoda i barnehagesektoren og dei utfordringane som er der saman med Utdanningsforbundet Øygarden. I desember var leiarane i barnehage samla til sosialt samvær og julemiddag i kantina på rådhuset.

Fleire av leiarane våre har òg vore på kurs med Utdanningsforbundet

SFO-leiarane

Det har og vore fleire møte med SFO-leiarane. Det har vore gode møte der SFO leiarane fekk snakka om saker dei er oppteken av. Møta har vore både fysisk og digitale.

Pensjonistrådet

Vårhalvåret har styret i pensjonistrådet bestått av Bjørn Lie, Lars Bleie, Berit Erstad Andersen, Paul Bakken og Sigrid Hiller, som leiar. Ny leiar frå hausten 2024 er Bjørn Lie. Leiar møter i styret i UDF Øygarden og har tale- og forslagsrett. I mai arrangerte pensjonistrådet tur for pensjonistane til Hitsøy. Utdanningsforbundet Øygarden kjøper i tillegg plass hjå pensjonistrådet i Bergen på deira arrangement.

1.3 Medlems-engasjement/rekruttering

Barnehagedagen

Barnehagedagen vart arrangert tysdag 12. mars. Tema i år var "Staden min". Barnehagen si lokale tilhøyrsel og aktive bruk av nærmiljøet er ein del av den tradisjonelle norske barnehagepedagogikken. Alle barnehagane i kommunen fekk, tradisjon tru, ei bok i gåve frå Utdanningsforbundet i høve barnehagedagen. Denne gongen var det boka "BØ og BÆ og stakkars BO" som vart levert ut.

I september var Utdanningsforbundet Øygarden rundt på besøk i alle barnehagane i kommunen. Vi hadde med vervemateriell, plakatar og karamellar. Dei tillitsvalde fekk materiell på AT-møta i byrjinga av barnehage- og skuleåret.

Pride

8. juni gjekk Utdanningsforbundet Øygarden i paraden i Bergen. Vi gjekk saman med Utdanningsforbundet Bergen, som hadde lastebil og musikk. Dei som møtte fekk armband og t-skjorter.

Verdas lærardag

Verdas lærardag, 5. oktober, markerast for å rette merksemda mot lærarane sin unike rolle. I år var søkjelyset retta mot behovet for å integrere lærarane sitt perspektiv i utdanningspolitikken. Dei tillitsvalde fekk kjøpe inn noko godt til pauseromma på dei ulike einingane.

Quiz

I oktober arrangerte vi quiz på Sartor Bowling. Her var det fullt hus og vi fekk gode attendemeldingar frå dei som deltok. Sjølvsagt vart det premie til dei to beste laga også.

Medlemsinfo

Utdanningsforbundet Øygarden lagar ein medlemsinfo som kjem ut 4 gongar kvart år. Denne vert sendt ut til alle medlemmane og fortel litt om kva lokallaget held på med. Vi får gode tilbakemeldingar frå medlemmane.

1.4 Skulering/kontakt med tillitsvalde på klubbnivå

Tillitsvaltopplæringa (TV) går over 4 kurs for nye tillitsvalte. TV1 vart gjennomført av lokallaget 27. september. Fylkeslaget har ansvar for den vidare skuleringa. I mars var det storkurs for alle dei tillitsvalde.

På møte med dei tillitsvalte er tema ofte skulering om avtaleverk, orienteringar om kva som skjer i kommunen, saker som dei tillitsvalte vil ha drøfta, rettleiing og informerer om arbeidet på klubbnivå og i lokallaget.

1.5 Medråderett

Lokallaget har i samarbeid med dei tillitsvalde medverka til at lov- og avtaleverk vert følgd og at medråderetten vert sikra i faste drøftingsmøte mellom partane på alle nivå. Lokallaget har arbeida for eit godt samarbeid mellom arbeidsgjevar og tillitsvalte tufta på gjensidig tillit og respekt. Det framleis er ein veg å gå når det gjeld å bli informert og involvert tidleg nok av arbeidsgjevar.

Utdanningsforbundet har og plass i Hovudarbeidsmiljøutvalet, Administrasjonsutvalet og i kommunedirektøren sitt samhandlingsmøte med organisasjonane. Det er Vibecke Hodnekvam som er Unio sin representant i desse møta og representerer her også Norsk sykepleierforbund, Norsk ergoterapeutforbund, Norsk fysioterapiforbund, Det norske maskinistforbundet og Politiets fellesforbund.

Utdanningsforbundet har gjennom året vore i drøftingar med kommunen som omhandlar lov og avtaleverk, arbeidsmiljø og saker som tilsette har ønska bistand i. Mange av sakene ein jobbar med er komplekse og tidkrevjande. Døme på noko av desse er: omstilling, kartleggingssamtale ved omstilling og ned bemanning, utlysing av stillingar, tilsetting,

langvaktsturnus, HMS, skulerute, vidareutdanning, evaluering av ulike kommunalsjefsområder, særskilte forhandlingar, ulike arbeidsgrupper i kommunen på alle kommunalsjefsområda, ulike vaktavtaler i kommunen, ressursfordeling, trepartsarbeid, tidstjuvar, leiingsressurs, politiske og administrative arbeidsgrupper døme barnehage og skulebruksplan, Oppvekstadministrativt system Vigilo, ferielova, forvaltningslova, lønspolitikk, arbeidsgrupper og styringsgrupper, ulike tariffmessige forståingar, evaluering av kommunalsjefsområdet oppvekst, leiarressurs barnehage og skule, SFS 2213, SFS 2201, HMS-Internkontroll, IA- utval

1.6 Profesjonsetikk

Kvalitet i utdanningssystemet er avhengig av trygge profesjonelle etisk medvitne og fagleg kompetente yrkesutøvarar. Lokallaget har medverka til felles forståing av kva yrkesrolla inneber, tydeleggjort det etiske ansvaret som er nedfelt i lærarprofesjonens etiske plattform og vi har støtta medlemmane og hjelpt dei til å handtera utfordringane dei møter i yrket.

2. Utdanningsforbundet Øygarden skal arbeide for gode løns- og arbeidsvilkår og gode arbeidstilhøve

2.1 Tariff og forhandlingar

Lokallaget har arbeid for at alle medlemar skal ha tariffavtale. Dette er ikkje udelt enkelt når einskilde private aktørar ikkje ønsker dette.

Lokale forhandlingar

I 2024 har det vore lokale forhandlingar i alle lønskapitla. Tilsette i kapittel 3 og kapittel 5 får all si lønsdanning gjennom lokale forhandlingar. Tilsette i kapittel 4 får i hovudsak sin lønsdanning sentralt, men i 2024 var det i tillegg lokale forhandlingar i kapittel 4.

Kapittel 3

Rektorane, styrarane og dei fleste avdelingsleiarar fekk 4,5- 4,79%.

Kapittel 4

I år var det satt av 1,1% av lønsmassen i kommunen til lokale forhandlingar. Vi har forhandla ut frå objektive kriteria.

Resultatet i forhandlingane:

- Pedagogisk-leiartillegg 40 000,
- Kontaktlærartillegget 30 000 kr.
- Alle tilsette i dette kapittelet fekk og eit tillegg basert på stillingkoden deira.

Kapittel 5

Desse fekk gjennomsnittleg 5%

2.2 Arbeidstid

Lokallaget har arbeidd for at gjeldande arbeidstidsavtalar vert følgd opp i praksis og at dei individuelle arbeidsplanane vert tufta på prinsipp etter drøftingar.

2.3 Ressursar

Lokallaget skal arbeida for gode ordningar for ressurs til tillitsvalde både på arbeidsplassnivå og i lokallaget. Dei hovudtillitsvalde har hatt 2 årsverk til fordeling i frikjøp frå kommunen skuleåret 2023-2024. Dette er auka med 15% grunna Unio samarbeid. Frikjøpet ble auka med 15% som blei likt fordelt ut på dei 3 hovudtillitsvalte. Tillitsvalde i barnehage har ikkje avsett tid til tillitsvaldarbeid. Dei tillitsvalde i grunnskule har nedsett 45 min pr. veke til tillitsvaltsarbeid og klubbar som er større enn 47 medlemar får eit ekstra frikjøp frå

Utdanningsforbundet sentralt. Hjå oss gjelde dette Fjell U, Tranevågen og Sotra Vidaregåande skule.

2.4 Arbeidsmiljø

Lokallaget har arbeidd for eit godt fysisk og psykososialt arbeidsmiljø, både kommunalt og på den einskilde arbeidsplass. Dei hovudtillitsvalte har eit godt samarbeid med hovudverneombodet. I Compilo, avvikssystemet kommunen nyttar, er det framleis lite avvik meldt. Utdanningsforbundet jobbar aktivt for at medlemmane skal melde avvik. Eit godt og fungerande varslingssystem er viktig for å ha eit faktagrunnlag i møte med både administrasjon og politikarar. Eit avvik som ikkje vert meldt er tapt forbetringsmoglegheit.

2.5 Eit inkluderande arbeidsliv

Lokallaget har arbeidd for at intensjonane i IA-avtalen (inkluderande arbeidsliv) vert følgd, og at kommunen sin politikk på området vert kjent på arbeidsplassane. Et godt partssamarbeid er ei forutsetning for å lukkast med IA-arbeidet. Både leiing, tillitsvalte og verneombod har viktige roller i arbeidet. IA -avtalen er eit samarbeid mellom myndigheitene og partane i arbeidslivet om å gjere det norske arbeidslivet meir inkluderande. Denne avtalen utløp 31.12.2024, men er no fornya.

2.6 Kompetanse

Lokallaget har arbeidd for at arbeidsgjevar legg til rette for kompetanseutvikling både når det gjeld fag, utviklingsarbeid, metodikk og leiing, og for at vikarar i skule og barnehage skal vera fagutdanna. Dette er noko vi kontinuerleg jobbar med. Hovudtillitsvalte har jobba for at ein skal sende flest mogleg på vidareutdanning gjennom kompetanse for framtidas barnehage og kompetanse for kvalitet i skule.

3. Utdanningsforbundet Øygarden skal engasjere seg i samfunns- og utdanningspolitikk

3.1 Barnehage- og skulepolitikk

Lokallaget har arbeidd for at endringar som skjer i barnehagen, skulen og i organisasjonsstrukturen i kommune eller fylke skal føra til betre arbeidstilhøve for medlemmane. I møte med politikarar og administrasjon arbeidar vi for å synleggjera kvardagen til lærarar og leiarar, med utgangspunkt i barnet sitt beste. Det er stadig nedskjeringar i vår sektor og det kjempar vi mot på dei arenaene som vi har.

Gjennom høyringssvar har vi engasjert oss i utdanningspolitikk lokalt og sentralt.

Lokallaget har arbeidd for at arbeidsgjevar tek ansvar for å følgja opp pedagogiske og økonomiske rammer. Vi ser diverre at kommuneøkonomien og politikarane sine prioriteringar ikkje tek i vare utfordringane i oppvekst.
Barnehage og skulebruksplanen har vore ei stor sak som Utdanningsforbundet har engasjert seg i, både i prosess, med høyringssvar og eit medlemsmøte.

Utdanningsforbundet ha delteke i politisk markering for betre bemanning i barnehage i Bergen.

3.2 Påverknad

Utdanningsforbundet Øygarden har kome med fleire innspel til politisk nivå og peikt på konsekvensar av politiske vedtak, til dømes budsjett og KS debatthefte. Vi har levert høyringssvar til budsjettet, hatt lesarinnlegg og fått pressedekning i lokalavisa. I tillegg har vi og sendt skriv direkte til politisk nivå om saker vi meiner dei bør ha våre innspel på.
Lokallagsleiar følgjer alle dei politiske møta, HTV møter og når dei har moglegheit.
Lokallagsleiar og hovudtillitsvalte kalla dei ulike politiske partia inn til eit møte i samband med budsjettprosessen. Dette møte vart i 2024 gjennomført i samband med Fagforbundet.
Me har og spelt inn til partia kva me meiner er viktig i høve programma deira til

Stortingsvalet i dette møtet og i direkte møte med einskilde parti. Utdanningsforbundet har vore synleg i lokalmedia, gjennom t.d. reportasjar og ulike lesarbrev.

3.3 Arbeid i styret

Det har vore godt og stabilt oppmøte på styremøta. Styret har ansvaret for arbeidet som førgår i lokallaget mellom årsmøta. I denne perioden har styret arbeidd med organisering og planlegging av arbeidet i lokallaget mellom anna:
Årsmøtesaker, økonomi, organisasjonssaker, orienteringssaker om m.a. HTV sitt arbeid, ulike medlemsgrupper og arbeidsplassar, påverknadsarbeid i høve til politisk nivå. Dei hovudtillitsvalde og lokallagsleiaren informerer styret jamleg om arbeidet sitt.
Arbeidsutvalet til styret (AU) førebur saker til styremøte.

I samband med arbeidet om strategisk plan var Kristine Berdal frå fylkesstyret og held innleiing.
I desember deltok lokallagsstyret på lokallagstyrekurs med Utdanningsforbundet Vestland. Dette var eit godt og innhaldsrikt kurs.

Årsmøte 2024

Årsmøte i Utdanningsforbundet Øygarden, vart gjennomført på Scandic Bergen City, 8. mars. Det var stort engasjement i høve politiske saker og fråsegn. Leiaren i Utdanningsforbundet, Geir Røssvoll, helsa Årsmøte vårt. Han hadde eit engasjerande innlegg om fagrørsla, både historisk sett og i notid, for nærare 200 årsmøtedeltakarar.

3.4 Andre viktige saker lokallaget har arbeidd med

Dei hovudtillitsvalde arbeider kontinuerleg for involvering og medverknad, på eit tidleg tidspunkt, i saker som vedkjem våre medlemmar.

HTV og lokallagsleiar har og gjeve bistand til medlemmar i personalsaker.
Personalsaker er tidkrevjande, og kan vera tunge å stå i, men det er ein viktig del av den støtta medlemmane skal ha frå Utdanningsforbundet.

Tid for dei minste

Lokallaget har saman med Utdanningsforbundet i heile landet hatt fokus på "Tid for dei minste". Bodskapen handlar om bemanning, tid, kompetanse, førebygging og tidleg innsats. Lokallaget har i høve denne satsinga, og tilbakemeldingar frå tillitsvalde, hatt møte med politikarar, hatt tid for dei minste på sakskartet i møte med kommunalsjef og barnehagesjef i dei høve ein kan. Det er tatt initiativ til samarbeid med kommunen for å sjå på løysingar kring dei utfordringane som er med bemanning i barnehagane. Arbeidet med" tid for dei minste" føl oss i alt vi gjer.

4. Deltaking på kurs og møte arrangert av lokallag eller fylkeslag

Tal på møte	Kurs / møte	Arrangør
3	Nettverksmøte	Lokallaga
7	Styremøte	Lokallaget
7	ATG	Lokallaget
1	TV1	Lokallaget
4	ATB	Lokallaget
1	Lokallagsstyrekurs	UDF Vestland
1	Regional samling, barnehagar	UDF Vestland
6	HTV	UDF Vestland
1	TV2	UDF Vestland
1	TV3	UDF Vestland
1	Storkurs (TV4)	UDF Vestland
8	Lokallagsleiar	UDF Vestland

1	HTV/ Jane Bøen Føllesdal	UDF Sentralt
2	Medlemsråd grunnskule Vibecke Hodnekvam	Utdanningsforbundet Vestland
7	Digitale kurs/webinar	Utdanningsforbundet Vestland